

## MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 51 / 2016 Sak til: 57 / 2016	Onsdag 17 august 2016	<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset.

Frammøtte: 5 av 6 medlemmer - 1 varamedlem.

Til stades

**Medlemmer:**

Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Ivar Eidsaa, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland, Anny V. Bekkenes og Reidun Håpoldøy.

**Varamedlemmer:** Gunvor Eggebø Næss.

**Meldte forfall:** Solfrid Kongshaug Aase.

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

**Sak / år:**

**51/2016: Møteprotokoll frå møte 8 juni vart godkjent.**

Merknader: Datoen for 50 års konfirmantjubileet er forandra og vert søndag 16 oktober.

**52/ 2016: Meldinger:**

- Soknerådsmedlem Nina O. Fauskanger har fått 1 års permisjon frå soknerådet. 1 varamedlem Anny V. Bekkenes vert medlem av rådet.
- Klokkar Rune Øystese er attende i sin klokkarstilling, og møter på gudstenesta 21 august.
- Vi har mottatt takkebrev for offergåver, som vart lese opp.

**53/ 2016: Gudstjenesteliste:**

15/06: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

19/06: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland .Dåp og nattverd. Offer: Eige arbeid.

10/ 07: kl.19.00: Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp og nattverd. Offer: Eige arbeid.

31/07: kl.11.00: Hovedgudsteneste V/ Harald Forland. Dåp. Offer: Eige arbeid.

.....  
17/08: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

21/08: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Kia Askøy.

04/ 09: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Eige arbeid.

### **54/2016 : Evaluering av Open kyrkje i sommar.**

Det har vore lite besøk på enkelte søndagar, men vi vedtok:

Open kyrkje kvar søndag i juli månad også neste år.

Vi treng eit nytt informasjonskilt om open kyrkje, som vi kan setja ved veien når kyrkja er open.

### **55/2016: Gudstenesteteam:**

Gudstenesteteamene er litt justert og nye lister vart delt ut.

Vi startar opp med teamene på førstkomande gudsteneste. Teamene er fordelt på gudstenesteplanen for hausten.

Vi gjekk gjennom oppgåvene for teamene. Vi kan eventuelt byta dagar innbyrdes.

### **56/2016: Gudstenesteliste/ Offerliste hausten 2016.**

Liste: Plan for hausten 2016, Herdla , vart delt ut og gjennomgått. Justerte litt på enkelte ting.

Offergåver er fordelt på dei einstilte gudstenestene. Vi ynskjer å fordele offergåvene til kjente organisasjonar som vi har gjeve til tidligare.

### **57/ 2016 : Eventuelt.**

- Vi vedtok å bruka eingangkoppar og fat på soknerådsmøta. Vi avtalar for kvar gong kven som har innleiing og kven som tek med litt mat til neste møte.  
Datoer for møter i haust:  
26 oktober.  
9 november.  
7 desember.
- Vi har fått eit større bospann med lås til kyrkjelydshuset.  
Nøkkelplassering må avtalast til dei som brukar huset.  
Tømmast 1 gong pr. månad eller etter behov.
- Foldaren Herdla kyrkjelyd haust 2016 vert nå levert trykkeri.  
Soknerådet deler den ut i postkassane. Den skal ikkje til dei som har – nei til reklame – på kassen.
- Påminning: Stoff til Amen må leverast inn i god tid før fristen.  
På nettsida til Den norske kyrkja, Askøy er det ein kalender for arrangement i kyrkjelydane. Den er vi oppfordra til å bruka.
- Vi treng ein representant frå Herdla kyrkjelyd til diakoniutvalget i Askøy.

**Neste møte vert onsdag 7 september kl.19.00.**

S. Herdla 28 august 2016.

*Reidun Fløpsdøy.*

Referent.